

Ard Arealplan AS
Nygårdsgaten 114
5008 BERGEN

Vår dato: 17.02.2022
Vår ref.: 202201145-2
Dykkar ref.: ard21013

Sakshandsamar: Toralf Otnes
22 95 95 27/toot@nve.no

NVE sitt generelle innspel til varsel om oppstart av arbeid med detaljreguleringsplan for Børøy - Gnr. 58 bnr. 15 m.fl. - Alver kommune

Vi viser til varsel om oppstart datert 07.01.2022.

Om NVE

Noregs vassdrags- og energidirektorat (NVE) er nasjonalt sektormynde med motsegnkompetanse innanfor saksområda flaum-, erosjons- og skredfare, allmenne interesser knytt til vassdrag og grunnvatn, og anlegg for energiproduksjon og framføring av elektrisk kraft. NVE har også ansvar for å hjelpe kommunane med å førebygge skader frå overvatn gjennom kunnskap om avrenning i tettbygde strok (urbanhydrologi). NVE gir råd og rettleiing om korleis nasjonale og vesentlege regionale interesser innanfor desse saksområda skal takast omsyn til ved utarbeiding av arealplanar etter plan- og bygningslova (pbl).

NVE prioriterer å gi konkrete innspel og uttala til reguleringsplanar det det vert bede om fagleg hjelp til konkrete problemstillingar. På grunn av stor saksmengd i høve til tilgjengelege ressursar har ikkje NVE kapasitet til å gå konkret inn i alle varsel om oppstart til reguleringsplanar. Etter ei fagleg prioritering gir vi hjelp til dei kommunane som har størst behov.

NVE si generelle rettleiing

NVE sin [kartbaserte rettleiar for reguleringsplan](#) er ein rettleiar som leier dykk gjennom alle våre fagområde, og gir dykk verktøy og innspel til korleis de kan ta omsyn til våre tema i reguleringsplanen. Vårt innspel er at de går gjennom denne kartbaserte rettleiaren og nyttar den i planarbeidet. Den som utarbeider planen har ansvar for at desse interessene blir vurdert i planarbeidet.

Vi rår dykk også til å nytte våre internettsider for arealplanlegging. Her er informasjonen og rettleiinga lagt opp etter plannivå, <https://www.nve.no/arealplanlegging/>.



På NVE sine nettsider finn de også koplingar til andre rettleiarar og verktøy. Det ligg også mykje arealinformasjon på [NVE sine kartløysingar](#).

NVE si oppfølging av planarbeidet

Kommunen må vurdere om planen tek omsyn til nasjonale og vesentlege regionale interesser, jf. NVE sin rettleiar [2/2017 «Nasjonale og vesentlige regionale interesser innen NVEs saksområder i arealplanlegging»](#).

Dersom planen rører ved NVE sine saksområde, skal NVE har tilsendt planen ved offentlig ettersyn. I plandokumenta må det gå tydeleg fram korleis dei ulike interessene er vurdert og innarbeidd i planen. NVE vil prioritere å gi uttale til reguleringsplanar der det blir bede om fagleg hjelp til konkrete problemstillingar. Alle relevante fagutgreiingar innan NVE sine saksområde må være vedlagt planar som blir sendt på høyring til NVE.

De kan ta kontakt med NVE dersom det er behov for konkret bistand i saka.

Med helsing

Øyvind Leirset
seksjonssjef

Toralf Otnes
senioringeniør

Dokumentet blir sendt utan underskrift. Det er godkjent etter interne rutinar.

Mottakarliste:

Ard Arealplan AS

Kopimottakarliste:

ALVER KOMMUNE

STATSFORVALTAREN I VESTLAND

Svar på nabovarsel

Du kan bruke dette skjemaet for å si fra om du har merknader eller ikke. Den som er ansvarlig for byggeprosjektet sender merknadene dine til kommunen sammen med byggesøknaden.



18.01.2022 21:10:29 AR469969823

Her er det planer om å bygge, rive, eller endre

Adresse: Alver, 58/15,

Kommune: Alver

| Gårdsnr.: | Bruksnr.: | Festenr.: | Seksjonsnr.: |
|-----------|-----------|-----------|--------------|
| 58 | 15 | 0 | 0 |

Nabovarselet er mottatt av

Eier/ fester av naboeiendom: ARNE AASE

Adresse: Lurevegen 1238, 5912 SEIM

| Gårdsnr.: | Bruksnr.: | Festenr.: | Seksjonsnr.: |
|-----------|-----------|-----------|--------------|
| 58 | 35 | 0 | 0 |

Adresse:

| Gårdsnr.: | Bruksnr.: | Festenr.: | Seksjonsnr.: |
|-----------|-----------|-----------|--------------|
| 58 | 74 | 0 | 0 |

Svar på nabovarselet (fylles ut av nabo/gjenboer):

Her kan du krysse av for om du har merknader eller ikke.

Dersom du har merknader, kan du skrive disse i tekstboksen under. Du kan også laste opp et vedlegg ved å trykke på "Oversikt - skjema og vedlegg" øverst til venstre.

Skjemaet kan kun sendes inn én gang.

- Jeg har ingen merknader
- Jeg har merknader

SIGNERT AV

Dette dokumentet er signert elektronisk og arkivert i Altinn.

18.01.2022 21:10:29 AR469969823

Svar på nabovarsel

Du kan bruke dette skjemaet for å si fra om du har merknader eller ikke. Den som er ansvarlig for byggeprosjektet sender merknadene dine til kommunen sammen med byggesøknaden.



13.01.2022 18:06:05 AR469066904

Her er det planer om å bygge, rive, eller endre

Adresse: Alver, 58/15,

Kommune: Alver

| Gårdsnr.: | Bruksnr.: | Festenr.: | Seksjonsnr.: |
|-----------|-----------|-----------|--------------|
| 58 | 15 | 0 | 0 |

Nabovarselet er mottatt av

Eier/ fester av naboeiendom: ASLE LYGRE

Adresse: Lurevegen 1240, 5912 SEIM

| Gårdsnr.: | Bruksnr.: | Festenr.: | Seksjonsnr.: |
|-----------|-----------|-----------|--------------|
| 58 | 27 | 0 | 0 |

Adresse: Lurevegen 1242, 5912 SEIM

| Gårdsnr.: | Bruksnr.: | Festenr.: | Seksjonsnr.: |
|-----------|-----------|-----------|--------------|
| 58 | 28 | 0 | 0 |

Svar på nabovarselet (fylles ut av nabo/gjenboer):

Her kan du krysse av for om du har merknader eller ikke.

Dersom du har merknader, kan du skrive disse i tekstboksen under. Du kan også laste opp et vedlegg ved å trykke på "Oversikt - skjema og vedlegg" øverst til venstre.

Skjemaet kan kun sendes inn én gang.

- Jeg har ingen merknader
- Jeg har merknader

Merknad til nabovarselet:

Lurevegen 1240 og 1242 har siden tidlig på 60-tallet hatt gangsti over 58/15. I dag går gangveien fra fylkesveien og vestover fra skjæringspunktet mellom veien og den nordlige delen av planområdet. Det legges til grunn at planarbeidet/tiltak ikke endrer tilkomsten til disse eiendommene.

Området må bygges ut skånsomt der fritidsboliger på ett plan i moderat størrelse tilpasses terrenget og ikke omvendt. Det har ved tidligere bygging av fritidsboliger i området blitt gitt tillatelse til samt foretatt uttalt sprengningsarbeid som har medført skjemmende sår i terrenget og som umuliggjør fremtidig tilbakeføring av området.

Ved anleggelse av felles parkeringsplass (anbefales) er det ønskelig at det også kan legges til rette for parkeringsplasser for Lurevegen 1240 og 1242.

Dersom den som har sendt deg nabovarselet enkelt skal kunne kontakte deg ved behov, kan du legge inn e-post og/eller telefonnummer nedenfor. Dette er frivillig.

E-postadresse:

Telefonnummer:

SIGNERT AV

ASLE LYGRE på vegne av LYGRE ASLE

13.01.2022

Dette dokumentet er signert elektronisk og arkivert i Altinn.

13.01.2022 18:06:05 AR469066904

13.01.2022 18:06:05 AR469066904



ARD AREALPLAN AS
c/o Spaces Media City Lars Hilles gate 30
5008 BERGEN

Saksbehandlar, innvalstelefon
Hege Brekke Hellesøe, 5557 2352

Uttale - Oppstartsmelding - Alver - 58/15 mfl. Børøy - reguleringsplan

Vi viser til varsel om oppstart av reguleringsplanarbeid for Børøy datert 07.01.2022. Intensjonen med planforslaget er å leggje til rette for utbygging av frittiliggjande fritidsbustader. Det er ikkje avklart per no talet einingar ein vil leggje til rette for, men ein vil truleg leggje seg på omkring 3-5 fritidsbustader. Tilkomstveg vil vere frå fylkesvegen. I det vidare arbeidet skal det vurderast om ein skal opparbeide veg inn i området og fram til dei planlagde fritidsbustadene, eller om det vil bli lagt til rette for felles parkering ved fylkesvegen og så gangtilkomst fram til dei nye fritidsbustadene.

I kommunedelplan for Lindåsosane, Lygra og Lurefjorden (2011-2023) er planområdet i hovudsak avsett til fritidsbusetnad. Delar av området i vest er avsett til LNFR formål.

Statsforvaltaren sine merknader

Fritidsbustader skal lokaliserast og utformast med vekt på landskap, miljøverdiar, ressursbruk og estetikk. Vi viser til [retteleiar for «Planlegging av fritidsbebyggelse»](#).

Planområdet ligg i den indre farleia, som er rekna som eit kulturhistorisk landskap av nasjonal interesse. Vi vurderer det som viktig at ein tar sikte på gode landskapstilpassing i planarbeidet, med vekt på få terrenginngrep. Det bør gjerast ein grundig vurdering av fjernverknad av tiltaka. Køyreveg til fritidsbustad er ofte tiltak som kan gje vel så store terrenginngrep som sjølve fritidsbustadene. Om køyreveg krev store inngrep, bør ein heller planleggje ein felles parkeringsplass ved dagens veg.

Det er uheldig at planarbeidet ikkje omfattar heile arealet for fritidsbustader satt i kommunedelplanen. Helst både FB1 og 2, men minimum FB1.

Vi rår også til at ein held seg innafor formål for fritidsbustader og byggegrense mot sjø sett i kommunedelplanen.

Sjøareala i nærleiken av planområdet er del av marin vernplane for Lurefjorden og Lindåsosane. Reguleringsplanen må vere i samsvar med forskrift for verneområdet.



Vi minner elles om at statlege planretningslinjer skal leggjast til grunn ved planlegging etter plan- og bygningslova (pbl) § 6-2 andre ledd.

For å sikre god framdrift i planprosessane deltar Statsforvaltaren gjerne på møte saman med kommunen dersom det er ønskjeleg for å avklara vesentlege regionale og nasjonale interesser tidleg i planarbeidet.

Vi ønskjer lykke til vidare med planarbeidet !

Med helsing

Egil Hauge
seksjonsleiar

Hege Brekke Hellesøe
seniorrådgjevar

Dokumentet er elektronisk godkjent

Kopi til:

| | | | |
|------------------------|---------------|------|----------|
| Vestland fylkeskommune | Postboks 7900 | 5020 | BERGEN |
| Alver kommune | Postboks 4 | 5906 | FREKHAUG |



Statens vegvesen

ARD AREALPLAN AS
c/o Spaces Media City
Lars Hilles gate 30

5008 BERGEN

Behandlande eining:
Transport og samfunn

Sakshandsamar/telefon:
Ingelin Garen / 55516345

Vår referanse:
22/5553-2

Dykkar referanse:
ard21013

Vår dato:
26.01.2022

Uttale til reguleringsplan – Børøy – Gnr. 58 bnr. 15 m.fl. – Alver kommune – Varsel om oppstart

Vi viser til dykkar brev datert 07.01.2022 og uttalefrist 22.02.2022.

Saka gjeld

Planområdet som ligg på Bøyrøyna i Alver kommune, er på 16 daa og omfattar gnr. 58 bnr. 15 mfl.. Føremålet med planarbeidet er å leggje til rette for fritidsbustader. I følgje oppstartsvarsel vil ein truleg leggje seg på omkring 3–5 fritidsbustader. Innanfor planområdet ligg der 2 fritidsbustadar frå før. Planområdet har tilkomst frå fylkesveg. Det er ikkje avklart om ein skal opparbeide veg inn i området, eller om ein skal leggje til rette for felles parkering ved fylkesvegen og så gangtilkomst fram til dei nye fritidsbustadane.

Statens vegvesen sitt ansvar i planarbeidet er først og fremst knytt til arealbruken langs riksveg. Vi har også ansvar for at føringar i Nasjonal transportplan (NTP), statlege planretningslinjer for samordna bustad-, areal- og transportplanlegging, vegnormalane og andre nasjonale og regionale arealpolitiske føringar vert ivaretekne i planlegginga. Til denne planen uttalar vi oss som statleg fagstyresmakt med sektoransvar innanfor vegtransport.

Konkrete innspel til dette planarbeidet

Planområdet ligg langs Fv. 5476. Ny avkøyrsløp til planområdet må planleggjast i tråd med handbok N100. Dersom det vert lagt opp til parkering ved fylkesvegen og ikkje ved den enkelte fritidsbustad, må ein sørge for å dimensjonere parkeringsplassen inne på området tilstrekkeleg. Det må vere mogeleg å snu inne på eigedomen slik at ein unngår rygging ut i fylkesveg.

Postadresse
Statens vegvesen
Transport og samfunn
Postboks 1010 Nordre Ål
2605 LILLEHAMMER

Telefon: 22 07 30 00
firmapost@vegvesen.no
Org.nr: 971032081

Kontoradresse
Nygårdsgaten 112
5008 BERGEN

Fakturaadresse
Statens vegvesen
Regnskap
Postboks 702
9815 Vadsø

Fylkesvegen er smal og er skilta med fartsgrense 80 km/t. Det finst ikkje tilbod til mjuke trafikantar. Det er ingen servicetilbod i tilknytning til planområdet. Næraste tilbod er etter det Statens vegvesen kan sjå Feste Nærkjøp som ligg i ein avstand på ca. 10 minutt med bil. Her finst det også ulike aktivitetstilbod utover daglegvare. Planområdet ligg såleis ikkje optimalt til vurdert ut frå interessene til mjuke trafikantar. ÅDT er likevel relativt låg ÅDT= 200 (2020).

Statens vegvesen legg til grunn at drøftingar og avklaringar knytt til trafikkikkerheit og framkomst på fylkesveg skjer i dialog med Vestland fylkeskommune.

Dersom det vert planlagt for fråvik frå vegnormalane, legg vi til grunn at det kjem klart fram av planomtalen, og at fråviksøknader er avklara med Vestland fylkeskommune før planen vert lagt ut til offentleg ettersyn.

Vi legg til grunn at reguleringsplanen vil innehalde rekkefølgekav som sikrar at tiltak knytt til trafikkikkerheit, framkomst m.m. vert gjennomført i samband med den utbygginga som vert regulert.

Generelle krav til planarbeid

Statens vegvesen legg til grunn at verknadane planløyisingane vil ha for vegtransport og vegnett vert utgreia og kjem tydleg fram av planomtale, risiko- og sårbarheitsanalyse og eventuell konsekvensutgreiing.

Dette gjeld generelt:

- trafikkikkerheit for ulike trafikantgrupper
- tilkomstløyisingar
- forventa trafikkmengd og kapasitet på vegnettet
- trafikkmonster og reisemiddelfordeling
- parkeringsdekning og -behov
- framkomst for ulike trafikantgrupper
- ivaretaking av ovannemnde omsyn i anleggsperioden

Eventuelle konsekvensar for utvikling, drift og vedlikehald av vegnettet og for samordna bustad -, areal- og transportplanlegging, universell utforming, trafikkikkerheit og framkomelegheit må også utgreiast. For meir utfyllande informasjon om utgreiingskrava viser vi til Statens vegvesens handbok V744.

Vidare planprosess/medverknad

Statens vegvesens uttale til varsel om oppstart er ikkje uttømande. Når eit planframlegg vert lagt ut til offentleg ettersyn, vil vi kunne kome med ytterlegare innspel og merknader.

Transport vest, Transportforvaltning
Med helsing

Frode Moen Aarland
seksjonsleiar

Ingelin Garen
senioringeniør

Dokumentet er godkjent elektronisk og har difor ingen handskrivne signaturar.

Kopi
STATSFORVALTAREN I VESTLAND, Njøsavegen 2, 6863 LEIKANGER
VESTLAND FYLKESKOMMUNE INFRASTRUKTUR OG VEG, Askedalen 4, 6863 LEIKANGER

ARD AREALPLAN AS
c/o Spaces Media City Lars Hilles gate 30
5008 BERGEN

| | |
|-------------------------|--------------------|
| Dato | 22.02.2022 |
| Vår referanse | 2022/4851-5 |
| Dykkar referanse | |
| Sakshandsamar | Tone Bøyum |
| E-post | Tone.Boyum@vlfk.no |
| Telefon | 47781807 |

INV forvaltning bergensområdet - Fråsegn til oppstart - Børøy, gnr. 58 bnr. 15 mfl - Alver kommune

Vestland fylkeskommune som samferdslemynde viser til brev mottatt 07.01.2022 om oppstart av planarbeid for Børøy, gnr 58 bnr. 15 m.fl i Alver kommune.

Planområdet ligg på Børøya og er for det meste avsett til fritidsføremål jf Kommunedelplan for Lygra, Lindåsosane og Lurefjorden (2011 - 2023). Planområdet er lokalisert på begge sider av fylkesveg 5476 Lurevegen.




Fig: Utsnitt av planområdet med planføremål jf. Kommunedelplan for Lygra, Lindåsosane og Lurefjorden.

Generelle merknader:

Vi ber generelt om at det vidare planarbeidet har fokus på desse tema:

- Plassering og utforming av naudsynte tiltak knytt til fylkesvegen
- Trafikktryggleik for alle trafikantgrupper
- Byggjegrænse langs veg
- Tiltaket sine konsekvensar for vegtrafikken i bygge- og anleggsfasen.
- Vegtrafikkstøy
- Tekniske teikningar i samsvar med Statens vegvesen sine handbøker.

Særlege merknader:

Fylkesveg 5476 er smal på gjeldande strekning og manglar tilbod til mjuke trafikantar. Fartsgrensa er 80 km/t og trafikkmengda er 200 ÅDT. Dette skal leggjast til grunn for vidare utforming av veganlegg, avkøyrslar mm

Det er ikkje køyrbar tilkomst til området i dag. Det vidare planarbeidet må vurdere korleis dette forholdet skal løysast. Det vart søkt om avkøyrslar til området like nord for planområdet, men vi har ikkje mottatt søknad om bruksløyve for dette. Vi er difor ikkje kjent med om avkøyrslar er bygd eller om dette er aktuell som tilkomst til området. Planområdet må i så fall utvidast.

Byggjegrense langs veg er regulert gjennom gjeldande kommunedelplan for området jf. § 1.4, og er satt til 15 meter frå vegmidte. Dette skal leggjast til grunn for det vidare planarbeidet. Byggjegrensa gjeld alle type tiltak så om bygningsmasse, parkering, murar med meir.

Plangrensa omfattar areal på begge sider av fylkesvegen. Det vil seie at heile område FB1 på nordsida av fylkesvegen vert regulert, men berre delar av FB2 på sørsida av fylkesvegen. Vi meiner at heile FB2 bør innlemmast i planområdet, slik at ein får ein heilskapleg vurdering og utnytting av området.

Sluttord:

Dette brevet er svart ut av Vestland fylkeskommune som samferdslemynde. Andre avdelingar ved fylkeskommunen vil kome tilbake med utfyllande uttalar ved seinare høve. Dette har bakgrunn i sjukefråver.

Med helsing

Hege Løtveit
leiar
INV - Forvaltning Bergensområdet

Tone Bøyum
senioringeniør
INV - Forvaltning Bergensområdet

Brevet er elektronisk godkjent og har difor inga handskriven underskrift